



Jens H N Bjordal  
Grønlandsvegen 11  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/15111 - 20/61411

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
29.09.2020

## **Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 357/33 Sætre**

Tiltak: avlaupsledning/anlegg  
Byggjestad: Gbnr: 357/33  
Tiltakshavar: Martin Ingebrigt Seim  
Ansvarleg søkjar: Jens H N Bjordal

Kommunen syner søknad om løyve til tiltak motteke 04.09.2020 og etterfylgjande førespurnad om komplettering av brev datert 16.09.2020.

Kommunen har 21.09.2020 mottatt gjennomføringsplan og oppdatert skjema for erklæring av ansvarsrett.

### **Søknaden er framleis for mangelfull til at den kan handsamast.**

- Gjennomføringsplanen manglar versjonsnummer og underskrift av ansvarleg søkjar.
- Gjennomføringsplanen er mangelfull utfylt og det er ikkje samsvar mellom gjennomføringsplan og skjema for erklæring av ansvarsrett. Desse to skjema skal vere identiske i forhold til ansvarsrettar. Ansvarsrettar skal ha kvar si linje i gjennomføringsplanen på sam måte som erklæring av ansvarsrett skjema.
- Fløysand VA AS har erklært ansvarsrett for UTF utvendig røyrlegging, PRO utvendig røyrlegging og UTF manuell graving.
- I gjennomføringsplanen er det vist til at utføring graving skal utførast av tiltakshavar utan ansvarsrett. (Ikkje samsvar mellom gjennomføringsplan og erklæring om ansvarsrett.)
- Skal tiltakshavar stå for gravearbeida, skal skjema 5184 søknad ansvarsrett sjølvbyggjar sjølvbyggjar følgje med søknaden.
- I erklæring av ansvarsrett skjema er det kryssa for at samsvarerklæring/kontrollerklæring for utførande arbeid (UTF) skal liggje føre ved

igangsetjingsøknad/eitt-trinns søknad. Samsvarerklæring/kontrollerklæring for utføring kan/skal ikkje ligge føre før etter at arbeida er utført. Dette må rettast opp i skjema.

- Kryss for planlagt samsvarerklæring / kontrollerklæring skal erstattast med dato når denne ligg føre.

Korrekt og fullstendig utfylt skjema for erklæring av ansvarsrett, korrekt og fullstendig utfylt gjennomføringsplan og skjema 5184 søknad ansvarsrett sjølvbyggjar må sendast til kommunen før søknaden kan handsamast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 20.10.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og filsyn

Silje Haukedal  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Fløysand Va AS  
Martin Ingebrigt Seim

Fløksand  
Vilhelm Bjerknes' vei 58 C

5918 FREKHAUG  
5081 BERGEN

### Mottakarar:

Jens H N Bjordal

Grønlandsvegen 11

5918 FREKHAUG